

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 21. januar 2013
Møtestad: Fjordhagen kl. 15.10

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Turid Aspehjel, Olav Løvoll og Arild Nærø

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.
Frå Norddal kommune møtte avd. ingeniør Yngve Hovden

Det vart meldt inn to saker under eventuelt.

**SAK 01/13
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 20. SEPTEMBER 2012**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 20. september 2012 blir godkjent.

**SAK 02/13
REKNESKAPSRAPPORT 2. TERTIAL 2012-NORDDAL KOMMUNE**

Saksdokument datert 14.01.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 03/13**BREV FRÅ ARNE KROHN OM GJENNOMGANG AV FORVALTNINGSMESSIGE PROSSESAR RUNDT BRUK AV RESSURSAR TIL FORVALTNING AV DALSBYGDGA SKULE OG EIDSDAL BARNEHAGE**

Saksdokument datert 14.01 2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Leiar stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Solveig Linge Stakkestad tok over møteleiinga. Kontrollutvalet føretok votering i habilitetsspørsmålet og det vart fatta eit samrøystes vedtak om at Jon Kåre Løvoll var habil.

Jon Kåre Løvoll tok sete på nytt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til at dokument i saka har vore førelagt kommunestyret og vil ikkje gå vidare med saka.

SAK 04/13**OM AVTALE MELLOM NORDDAL KOMMUNE OG MYKLEBUST VASSVERK**

Avd. ingeniør Yngve Hovden orienterte.

Han kom inn på enkeltpunkt i avtalen som var lite gunstig for kommunen. Avtalen skulle fornyast i 2012. Han opplyste at kostnadene med drift av renseanlegget var vesentlege og at inntaket har for liten kapasitet. Myklebust vassverk har ansvar for inntaket. Vatn som blir brukt av eigarane av Myklebust vassverk jf pkt. 6 i avtalen går også gjennom renseanlegget. Han opplyste vidare at fleire private vassverk ønskjer at kommunen skal ta over anlegga deira. Ei målsetting var like avtalar med alle private vassverk i kommunen. Kommunen er i ferd med å lage nye avtalar. Alle abonnentane til Norrdal kommune også dei kommunale abonnentane som får vatnet sitt frå Myklebust vassverk betalar lik avgift, og innkrevde vassavgifter dekkjer kommunen sine utgifter på området.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med bakgrunn i at kommunen er i ferd med å lage nye reglement på området, vil kontrollutvalet avvente med å gå inn i saka.

SAK 05/13**PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL – NORDDAL KOMMUNE**

Saksdokument datert 14.01 2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Desse selskapa blir underlagt selskapskontroll:

- Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS
- Sunnmøre Regionråd IKS
- Åknes/Tafjord Beredskap IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

Ein selskapskontroll inn mot dei selskapa der Norddal kommune er deleigar saman med andre kommunar blir å koordinere med dei andre eigarane og særskilt kontorkommunen. Forutan eigarskapskontroll kan ein forvatningsrevisjon bli utført dersom det blir vurdert som føremålstenleg. Denne vurderinga blir i første omgang gjort av kontrollutvalet i kontorkommunen.

SAK 06/13

ETISKE RETNINGSLINER OG REGLEMNT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I NORDDAL KOMMUNE (SAKA KOM OPP UNDER EVENTUELT)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å innhente etiske retningslinjer og reglement for godtgjering for folkevalde i Norddal kommune

SAK 07/13

OM KOMMUNEN SI PRAKTISERING AV PLAN OG BYGNINGSLOVA (SAKA KOM OPP UNDER EVENTUELT)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Temaet blir å kome tilbake til.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
nestleiar
(sign.)

Turid Aspehjel
medlem
(sign.)

Olav Løvoll
medlem
(sign.)

Arild Nærø
medlem
(sign.)